



## NYE VOLDA KOMMUNE

### REFERAT – RESSURSGRUPPA I HELSE- OG OMSORG

#### Møte på Hornindal omsorgssenter

25.10.2018 kl. 11:30-13:30

#### **Til stades:**

Svein Berg-Rusten, helse- og omsorgssjef/prosjektansvarleg  
Ragnhild Aarflot Kalland, einingsleiar omsorg  
Ingunn Gjengedal, konst. ass helse- og omsorgssjef  
Mona Helen Kile, einingsleiar forebygging, rehabilitering og legeteneste  
Hovudtillitsvald Fagforbundet Volda/Hornindal, Oddbjørg Yksnøy Rangseter  
Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Hornindal, May Britt Lillestøl  
Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Volda, Vydmane Solominiene

#### **Fråfall:**

Bent Ingebrigtsen, tillitsvald for legane  
Mary Anne Espe, einingsleiar helse

#### **Agenda:**

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p><b>1. Innleiing ved prosjektansvarleg</b></p> <p>Prosjektansvarleg Svein Berg-Rusten gjekk gjennom hovudmåla i Intensjonsavtalen som må vere med inn i analyse arbeidet;</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sikre gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.</li><li>• Folkehelse skal ha eit overordna og førande fokus.</li><li>• Løse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnerskap med t.d. sjukehus, vidaregåande skular, Høgskulen i Volda, NAV-direktoratet, frivilligheitssentralen, frivillige organisasjonar og næringslivet.</li><li>• Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, herunder legeteneste, barnehagar, tekniske tenester, brannredskap og kulturtilbod der dei er no. Legeheimlar og helsetilbod (fysioterapi, frisklivssentral) skal fortsatt vere på Helsehuset i Hornindal.</li></ul>	SBR

Det vart vidare repitisjon av hovudfunna i evalueringskartlegginga etter omorganiseringa i helse- og omsorgssektoren i Volda. Det er også viktig at dei tilsette sine innspel blir med oss i utforminga av ny organisasjonsstruktur.	
--	--

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg Oppfølging</b>
<b>2. Stillingsinstruks/- omtale</b>	
Det vart etterlyst stillingsinstruksar til leiarane i Hornindal. Volda har ferdigstilt dette arbeidet. Grappa var samde om at det er viktig at alle leiarane har ein stillingsinstruks på plass før vi no går inn i utforminga av ny struktur.	Ingunn sender over Volda-eksemplar til Ragnhild

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg Oppfølging</b>
<b>3. Kompetansekartlegging</b>	
Det vil bli utsend eit kartleggingsskjema til einingsleiarar, teamleiarar og tilsette i stab- service funksjonar. Skjemaet skal besvarast og takast med inn i samtale med prosjektansvarleg- /kommunalsjef for helse- og omsorg i Nye Volda.	SBR
Grappa ber om at ein i tillegg også må sjå på tilsette som har ulike funksjonar (t.d. demensteam, kvar dagsrehabilitering osv) i helse- og omsorg. Mogeleg må også desse kartleggast og kallast inn, evt seinare i prosessen med å bygge ny struktur.	

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg Oppfølging</b>
<b>4. Innspel frå grappa til SWOT analyse</b>	
Svein og personalsjef, Berit Lyngstad, skal utforme faktorane som skal danne grunnlaget for SWOT analysa.	SBR
Innspel til sentrale tema;	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Struktur</li> <li>• Leiarnivå (einingsleiar-/ teamleiar)</li> <li>• Stab-/ støttefunksjonar</li> <li>• Ansvarsoppgåver til dei ulike rollene</li> </ul>	
Vidare innspel/- diskusjon;	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Administrasjonstid til teamleiarar. Grappa tenkjer at einingane-/avdelingane må ha fokus på å jobbe med kultur og haldningar i arbeidsmiljøa, og på denne måten frigjere ressursar til leiing. Ein har erfaring med at å prosentvis låse administrasjonstida medfører lite fleksibilitet og derved rigide einingar.</li> <li>• Mest mogeleg lik instruks til leiarar i alle ledd.</li> </ul>	

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tydeleg leing i alle ledd. Ein må investere i god leiaropplæring- og oppfølging. Vi må ha trygge, strukturerte, tydelege og endringsdyktige leiarar som er flinke på å delegere, gi tillit og utfordringar til sine tilsette.</li> </ul>	
---	--

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p><b>5. Avklaringar og aktuelle møtedatoar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er kalla inn 20 tilsette til <b>SWOT analyse</b> på samfunnshuset i Volda, <b>onsdag 31.10.2018, kl 09.00-14.00.</b> Ein må i tillegg kalle inn følgande; Nav leiar Ørsta/Volda Eli Grøtta, Hovudtillitsvald Fagforbundet/Hornindal, Rønnaug Tomasgard, Hovudtillitsvald FO/Hornindal, Monika Osvoll.</li> <li>• Framlegg av <b>endeleg rapport frå Agenda Kaupang</b> i Hornindal, <b>torsdag 01.11.2018, kl 15.00-18.00.</b></li> <li>• <b>Kick-off Velferdsteknologi</b>, Uppheim i Volda, <b>onsdag 07.11.2018, kl 11.00-14.00/15.00-18.00</b></li> </ul>	SBR

Volda 25.10.2018  
Ingunn Gjengedal (ref)